



NOTAT

16.03.2023

Hjortegjerde, løysing for tap av grovfôr til hjort på innmark?

Bakgrunn

Landbruket har årlege tap av grovfôr på grunn av hjort som beitar på innmark. Vestland fylke har ei stor hjortestamme som er i vekst, og fleire stader utgjer hjorten ein økonomisk belastning for grovfôrproduzentane. Frukt- og bærnæringa nyttar i stor grad hjortegjerde som tiltak mot skader på sine produksjonar. Kan dette også vere lønnsamt for grovfôrproduzentane?

Tap av avling

Det er fleire faktorar som spelar inn på avlingstapet til hjort. Bestandstettleik av hjort, om eng er lett tilgjengeleg frå utmarka, alderen på eng og samansetnad i grasblandinga påverkar beitetrykket. Hjorten er ein allsidig beitar, men vel helst unge plantar og plantedelar som inneheld mykje protein og næring.

NLR har i 2022 gjennomført registrering av beiteskade i Møre og Romsdal. Her fann dei at yngre eng (1. og 2. års) hadde eit avlingstap på i snitt 15 %, med nokre ekstreme tilfelle der det var opp mot 60 % avlingstap. I eldre eng såg ein at avlingstapet fall til kring 10 %. Økonomisk kan ein rekne eit tap på 450 kr per dekar om hjorten beitar 15 % av avlinga. Om tapet er nærare 60 % av avlinga vert det økonomiske tapet 1800 kr per dekar. Då reknar ein at ein teig kan produsere ei grasavling på 600 fôreiningar (Fem) per daa og 5 kr i innkjøpspris per fôreining.

Følgjene av dette er at mange kvir seg for å fornye engar fordi dei ikkje får nytta gevinsten sjølv. Timotei er ein næringsrik grasart med god overvintringsevne som ein ynskjer ein høg del av i fôret. Timotei er den grasarten hjorten beitar hardast og som toler beiting dårlegast, så tapet er større i eng med høg del av timotei. Hundegras og strandsvingel er ikkje like smaklege og næringsrike, og toler beiting betre. Difor var det registrerte avlingstapet lågare i eng med høg del av desse grasartane. Kvaliteten på marka og grovfôret går ned når engar vert gamle og dei sådde grasartane går ut.

Tiltak mot tap av grovfôr

Å fjerne skog inn mot engar gjev hjorten mindre skjul og har vore effektivt nokre stader. Kulturbeite med dyr mellom utmark og eng kan og hjelpe då hjorten skyr andre beitedyr. Eit anna mykje nytta tiltak er å endre samansetnaden av kva grasartar ein sår i attlegga. Å senke delen timotei i engar og erstatte den med strandsvingel, raigras eller raisvingel gjer ein lågare tapsprosent, men det kan gjere og at kvaliteten og proteinmengda i det innhausta grovfôret går ned.

Det tiltaket som har vist seg å gje lågast tapsprosent er inngjerding av teigar, spesielt i fyrste og andre avlingsår. Ulike typar gjerde kan vere aktuelle til ulike typar teigar ut ifrå terrenget rundt, om det er leigejord og om ein har problem med hjort i heile eller delar av sesongen.



Dei tradisjonelle permanente viltgjerda er dei mest effektive, dei står året rundt og er gunstige i område der ein har plager med hjort på enga heile året. Desse er ofte dyre å anleggje, så dei er mest aktuelle på teigar som skal driftast aktivt med mogelegheit for gode avlingar og som ein eig sjølv. Straumførande viltgjerde med 6-8 straumførande trådar er billigare enn dei permanente og er om lag like effektive.

Ein tredje løysing er å setje ein topptråd med straum på eksisterande husdyrgjerde. Det vil hindre mykje av beitinga i beitesesongen, men vil ikkje vere til hjelp i vinterhalvåret. Ein ser at koller med kalv unngår beite der dei ikkje får med seg kalven, så dette kan vere eit godt alternativ der ein opplever mykje beiting på seinsommar av koller med kalv. Forsking tyder på at ein kan halvere tapt avling om ein gjerdar dei inn frå vår til haust. Dette vil ofte vere det rimelegaste alternativet.

Områda rundt ein inngjerda teig vil truleg få auka beiting.

Kommunale tilskot

Ein kan søkje kommunale Viltfond om midlar til material til nye anlegg. Vedlikehald av eksisterande gjerder vert ikkje støtta. Tilskottsatsen varierer mykje i kommunane, eksempel på dette Askvoll som støttar inntil 30 % av materialkostnadane, Bergen kommune som støttar inntil 50 % og Luster kommune som støttar inntil 75 % eller 75 kr per meter gjerde.

For å få tilskot er det i nokre kommunar sett krav til utføring og materialkvalitet. Som hovudregel skal gjerde vere av ein slik natur at det skal vare i 20 år. Det skal vere minimum 1,90 m høgt og det vert sett krav om topp og botntråd. Alle strengar, tråd og krampar skal vere galvanisert. Stolpane skal vere trykkimpregnerte og minst 8 cm i diameter og skal vere plassert med ei avstand på omlag 2 meter. Om det vert nytta kraftig type viltnetting kan stolpeavstanden vere 3-6 meter. Hjørnestoplar, knekkpunkt og portar bør vere av grovare kvalitet og helst bardunerte. Det kan vere ulike krav i ulike kommunar.

Kostnader til gjerde

Det er ikkje enkelt å fastsette kostnadane til viltgjerde då den totale kostnaden vil variere ut i frå grunnforhold, om det må ryddast i traseen, transportavstand og storleiken på prosjektet. I tillegg vil materialkostnaden variere etter forhandlar, kundeforhold og prisvekst elles i samfunnet. Prisane under er henta frå Felleskjøpet si nettside i februar 2023 og er utan mva. Arbeidstimar og maskintimar kjem i tillegg til materialkostnadane.

- Materialkostnader til vanleg viltgjerde ligg på om lag 114,50 kr per meter eks mva. utan arbeid. Då har ein tatt omsyn til materialkrava i Viltfondet slik at ein kan søkje om midlar derifrå. Her kan ein i nokre kommunar få innvilga 50 % av kostnaden (gjer eigen kostnad på 57,50 kr per meter) og i nokre kommunar opp til 75 % (gjer eigen kostnad på 40 kr per meter).
- Eit straumførande gjerde med 6-trådar er ein del billigare og har ein meterpris på om lag 88 kr per meter. Då kjem kostnad til straum i tillegg. Kommunane har ulik praksis på om ein kan søkjer tilskot om frå Viltfondet til dette.



- Den billigaste løysninga er å setje straumførande tråd på toppen av eit eksisterande husdyrgjerde. Her kjem materialkostnadane på 4,50 kr per meter, men forutset at det eksisterande gjerde er i god stand. Då kjem kostnad til straum i tillegg. Kommunane har ulik praksis på om ein kan søkje tilskot frå Viltfondet til dette.

Produkt	Pris per stk	Pris per m	
Crapal netting 200-22-15- 50 m	2219	44,38	kr eks mva
Scanpole gjerdestolpe 8x250 cm	129	64,50	kr eks mva
Kramper 500 stk	189	0,76	kr eks mva
Topptråd Carpal 3,0mm ca 450 m	1110	4,93	kr eks mva
	Pris per m fast vilgjerde gjerde	114,57	kr eks mva
Scanpole gjerdestolpe 8x250 cm	129	64,50	kr eks mva
DeLaval ståltråd forstrukket Ø:2,5mm 650 m	1389	12,82	kr eks mva
Gjerdeapparat (levetid 10 år)	5000	0,42	kr eks mva
Ringisolator Standard	319	10,63	kr eks mva
	Pris per m strømgjerde 6 trådar	88,37	kr eks mva
DeLaval ståltråd forstrukket Ø:2,5mm 650 m	1389	2,14	kr eks mva
Gjerdeapparat (levetid 10 år)	5000	0,42	kr eks mva
Ringisolator Standard	319	1,99	kr eks mva
	Pris per m strømtråd på eksisterande gjerde	4,55	kr eks mva

Tabell 1: Syner materialkostnader til ulike typar inngjerding. Prisane er henta frå Felleskjøpet si nettside i februar 2023 og er utan mva.

Eit eksempel der arbeid er inkludert finn ein i NIBIO sin rapporten *Vurdering av gjerdeløysningar for rein* frå 2023 der dei har henta inn pris på ferdig oppsett gjerde frå entrepenør. Den gav då eit overslag på ca. 150 kr per m eks. mva ferdig oppsett gjerde. Forutsetningane var eit gjerde på 1000m med 2,5 m mellom stolpane, 125 cm høg netting med ein topptråd og tre grinder. I tillegg tok dei utgangspunkt i at halve traseen måtte ryddast for skog og at det var enkel tilkomst frå veg. Som ein ser vil ikkje dette gjerde halde krava til viltgjerde for hjort, då det er under 190 cm høgt og manglar botntråd, så ein kan anta at eit høgare gjerde med botntråd vil få ein høgare kostnad enn 150 kr per m ferdig oppsett.

Mogeleg gevinst med inngjerding

Ein teig på 50 dekar kan ha ei ytre grense på 1200 m som må gjerdast inn. Med dei tre ulike alternativa får ein materialkostnad på:

- Viltgjerde: 138 000 kr (eigenandel på kr 69 000 med tilskot på 50 %)
- Straumførande viltgjerde: 105 600 kr
- Straumførande topptråd på eksisterande husdyrgjerde: 5 160 kr
- (Reinsgjerde ferdig oppsett: 180 000 kr)

Tapt avling på ein teig på 50 dekar:

- Tap om hjorten beita 7 % av avlinga er 210 kr per daa. På 50 daa vert dette 10 500 per år.
- Tap om hjorten beita 15 % av avlinga er 450 kr per daa. På 50 daa vert dette 22 500 kr per år.



- Tap om hjorten beitar 60 % av avlinga er 1800 kr per daa. På 50 daa vert dette 90 000 kr per år.

Gevinst med ulik type inngjerding:

- Om viltgjerde står i 20 år og hjortebeitinga går frå 15 % til 0 % kan ein rekne gevinst på 450 000 kr minus utgiftene til oppsetjing.
- Om den straumførande topptråden står i 20 år og gjer nedgang i beiteskadar frå 15 % til 7 % kan ein rekne gevinst på 240 000 kr minus utgifter til oppsetjing.

Konklusjon

Inngjerding er eit effektivt tiltak mot beiting på innmark og gjev betre overvintring av graset og auka fôrkvalitet. Behovet for inngjerding varierer mellom teigar, forventa avlingsmengd og om enga er eigd eller leigd. Men i mange tilfelle kan dette vera eit tiltak som i alle fall bør vurderast. Ei nysådd eng har potensial til høg avling, som nettopp er sådd for å verta fôr til husdyr, ikkje vilt. Me kan ikkje fjerna all hjorten frå utmarka, men me kan prøva å halda den utanfor slåttearealet. Om det er økonomisk lønnsamt må sjåast i samanheng med fleire variablar.

Kjelder:

[Tiltak mot hjorten - Norges Bondelag \(bondelaget.no\)](https://bondelaget.no)

[Registreringer av beiteskadar i Møre og Romsdal... | Landbruk Nordvest \(nlr.no\)](#)

[Kostar hjorten meir enn han smakar? - Nibio](#)

[NIBIO Brage: Vurdering av gjerdeløsninger for rein \(unit.no\)](https://unit.no)

[Tiltak ved hjorteproblemer | NLR Rogaland](#)

[Har du råd til å fôre på hjorten? | NLR Vest](#)

[Kap-1 Arealbrukskonfliktar Handbok-i-praktisk-hjorteforvaltning.pdf \(hjortesenteret.no\)](#)

Inger Marie Hernes
Rådgivar